

# FORELDREINFO MAI 2024

## FAU/SU/SMU

Årsmøtet i vart gjennomført saman med Bjerkreim skule 30.april. Trond Svanøe presenterte fakta og opplevingar knytt til barn og bruk av digitale dingsar. Aktuelt tema og mange gode tankestartarar!



Det har ikkje lukkast valnemnda å skaffa ny FAU leiar, så dette er ikkje på plass før neste skuleår. Håper nokon kjenner på at dette kan vera eit greitt verv å ta på seg, i godt samarbeid med rektor er det ikkje mykje arbeid!

Ta kontakt om du kan tenka deg dette, og snakk gjerne med rektor om kva det inneberer om du er usikker!

Marlen V. Allen har fått blomar frå føresette og tilsette for dei 3 åra ho har hatt vervet – tusen takk!

10.trinn har hatt **livsmeistring** på timeplanen. Sjå kommunen si facebookside for meir informasjon



## Eksamens

Skriftleg eksamen var 14.mai. Elevane kom opp i engelsk. I år vart gjennomføringa problemfri, og alle elevane fekk levert som planlagt. Fellessensuren er 19.juni.

Munnleg eksamen er 13.juni på Vikeså skule. Me ønsker 10.klassingane lukke til!

Trykk på kalenderen for **skulerute** for 24/25



## Kursing uteskule

Alle tilsette på barneskulen hadde ettermiddagskurs med UteskolemedMaya 02.mai. Engasjerande og relevant kurs som me håpar fører til enno meir aktivitet og variasjon i undervisninga vår. Ta med faga ut!

Mai har vore ein festmånad, spesielt med tanke på det flotte veret vi har hatt!

Badeturar, friluftsturar med overnatting, leik i skulgarden og uteskule har vore faste innslag i skulekvardagen på dei ulike trinna.

Veldig kjekt at så mange gjekk i 17.mai tog med klassen sin, det blir ikkje 17.mai utan 5 forskjellige barnerop på ei gong, faner som er tunge å bera, festklede med is på og ikkje minst stafetten. Denne engasjerer innbyggjarar i alle aldre. Og sjølv om det kan vera skummelt å skulle representera skulen framfor heile bygda, så er det mykje god lærdom i å få vera del av dette laget om ein vinn eller tapar! Takk til laget som tok pokalen «heim» til Vikeså skule dette året!

Mvh

**Svanhild Gjedrem**

rektor

